


+ KYRKJEHLSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 3 SOMMAR 2013
38. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Linda Rea Herland	56 19 22 84
Trent Bruner	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Linda Rea Herland 980 58 770
Organist Trent Bruner 56 19 22 85

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
Margrethe R. Ådland, Audun Mosevoll,
Jan Roald Myking, Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy

Sommar!

Eit norsk måleri prydar forsida denne gongen. Handlinga i biletet vert framleis utført på same vis i vår tid, det er nattverd og presten står inne i alterringen.

Tre personar knelar og tek imot sakramentet. Lyset kjem inn frå høgre, gjennom vindauge vi ikkje ser, og lagar ei mjuk stemning over handlinga. Ei dame med hatt set også framme i koret. Det ser ut som ho syng frå salmeboka. Kanskje ventar ho på å få plass ved alterringen. Motivet har noko fotografisk over seg, ein augneblink er fanga og sekundar seinare vil det heile sjå annleis ut der framme ved alteret. Dei som knelar vil reisa seg, presten vil flytta seg, og ho som set og syng vil lukke boka saman og kanskje gå fram til alterringen.

Harriet Backer (1845 – 1932) heiter kunstnaren, og ho laga biletet i 1891. Det har tittelen "Alteret i Tanum kirke". Innafor ein kort periode laga ho fleire bilete av liknande karakter, slik som framsidebiletet på "Kyrkjehelsing" nr. 3 i 2011, "Barnedåp i Tanum kirke". Dama med hatten finn vi att i begge bileta.

Tanum kyrkje ligg i Bærum rett utanfor Oslo, og er ikkje særleg stor. Ho var opphavleg bygd i stein på 1100-talet, men blei utvida for tre hundre år sidan. Altertavla vi ser på måleriet er frå 1663. Motivet på tavla er den krossfeste Jesus saman med Maria og Johannes, altså same hovudmotiv som på altertavla i Hamre kyrkje hjå oss.

Harriet Backer utdanna seg først innafor teikning i Oslo. Seinare budde ho store delar av livet sitt ute i Europa, og målarutdanninga si har ho hovudsakeleg frå München. Ho var ein nær ven av Arne Garborg, og har måla eit dobbelportrett av Hulda og Arne Garborg. Den kjende pianisten og komponisten Agathe Backer Grøndahl var søstera hennar, og dei reiste ein del saman.

Kunstnarinna hadde ein ganske stor produksjon, om lag 180 bilete til saman. Somrane frå 1910 til 1914 var ho i Bergen, og Rasmus Meyer kjøpte 11 av bileta hennar til samlinga si. Målarstykket vi ser på framsida er i privat eige.

- **Kristoffer Foldøy**

Dei sette seg i graset

Andakt v/ Inge Sørheim

Nokre bibeltekstar ”luktar” sommar. Ikkje så mange. No vil eg peike på ein av dei, henta frå Matteus kapittel 14, vers 13-23. Dette er den første av dei to brødunder-forteljingane i Matteus-evangeliet. Den kan gjenforteljast kort på denne måten:

Jesus ønskete å vera åleine. Difor drog han ut i båt til ein aud stad. Men folket fekk vite om det, og kom etter til fots. Då Jesus oppdaga alle folka, endra han planane. Han vart i staden saman med dei. Lækte dei sjuke. Han må ha prata med mange av dei. Slik gjekk dagen. Då det vart tid for mat, ville Jesus gjerne gje dei det, slik at dei skulle sleppe å bryte opp med ein gong. Då vart fem brød og to fiskar til mat for fem tusen menn, i tillegg til kvinner og barn.

Og det er her vi kan oppdage sommaren i denne forteljinga: Før måltidet baud Jesus alle setja seg i *graset*. Alle desse menneska var samla på ein aud stad, der graset vaks. Det var ikkje örkenlandskap eller fjell, men eit beiteområde, men gras og blomar. Om vi tek i bruk fantasien, kan dette vesle ordet hjelpe oss til å gje indre biletet om korleis det var, den gang.

Det å få setja seg ned i graset, der det blomstrar og spirer, det høyrer denne årstida til. No kan vi tenkje på alle dei menneska som fekk sitje i graset gongen, då Jesus lækte og gav mat. Dei fekk sjå og høre at han bad takkebøna, braut brødet, og gav, så alle vart mette.

Då fekk dei ein forsmak på det som skulle kome, på nattverden. Dei visste ikkje at han som var saman med dei skulle døy, for at alle skulle få tilgjeving. Jesus tok farvel med folket etterpå og drog av stad for å gjere det han hadde tenkt, han gjekk opp i fjellet for å be. Tilbake sat folket med ei oppleveling av ein sommardag heilt utanom det vanlege. Dei hadde fått vore med på noko stort, noko som dei ikkje kunne forstå. Dei hadde fått del i Jesu medkjensle og kjærleik for alle menneske. Dei hadde vore nær Gud.


Vi kan få del i den same kjensla og opplevelinga, men i litt andre former, når vi i vår tid tek del i nattverdmåltidet. Då blir brødet delt ut og vinen gjeven til soning og frelse for kvar den som trur på Han.

God sommar!



Mosaikk frå 300 - talet av brødkorg og fisk. Biletet er å finna i eit kyrkjegolv nær staden Jesus stod og tala.

REISEBREV FRÅ SJØMANNSKYRKJA PÅ COSTA DEL SOL



Inngangsporten til kyrkja.

Costa del Sol – Solkysten. Det høyrest forlokkaende ut når kuldegradene sig lenger og lenger nedover på gradestokken. Endeleg skulle Jenny få realisert sin draum – draumen om å steikje vaflar på ei sjømannskyrkje. At valget falt på Sjømannskyrkja El Campanario på Solkysten var ikkje heilt tilfeldig. For nokre år sidan var Jenny på personaltur hit og likte staden og folka. Og så var det heller ikke noko bakdel at ei Osterøy-jente jobba her og for tida var dagleg leiar. Torun Rundhovde Mørenskog og mannen Bjørnar hadde vore her et par års tid.

Tekst og foto: Jenny og Jarle Eikeland

Ein februar dag for vi avgarde til Malaga. Her skulle vi vere dei neste 5 vekene. Vi vart tatt vel imot på El Campanario av Torunn og Bjørnar. Planen var at vi skulle jobbe litt på kyrkja og så skulle vi feriere resten. Ein herleg kombinasjon. På sjømannskyrkjene er det alltid bruk for frivillige, og det er mange forskjellige oppgaver du kan bli sett til. Alle frivillede medarbeidarar vert sett stor pris på og at det var mange av dei her på Solkysten fekk vi oppleve da kyrkja arrangerte stor fest for ca 50 frivillige!

2 dagar i veka møttes Hagegruppa. Den bestod for det meste av pensjonerte mannsfolk. Her kunne Jarle få utfalda seg. Dei jobba med å halda området rundt kyrkja i god stand, det var ugrasluking, store trær og buskar som skulle kuttast, kosta uteområda fri for rusk og rask. Dette var både nyttig og sosialt. Kaffi og vaflar var ein sjølsikker innertier i pausen.

Utover dette var vi 2 dagar på kjøkkenet fra kl. 11.00 og 4-5 timer alt etter kor travelt det var. Gladys, kokka frå

Bolivia, styrte kjøkkenet med stø hand. Med seg hadde ho ein fast vinterassistent samt frivillige. Vi var der som sagt 2 dagar i veka og andre frivillige var med andre dagar i veka. Det er nok ikkje berre vaflar som vert servert på Sjømannskyrkja! Her var det servert varm lunsj kvar dag, varm lunsj tyder middag og dessert! Dei som jobba på kyrkja (også dei frivillige) fekk kjøpa lunsj til ein billeg penge. Utanom dei faste var det pensjonistar som budde i området og turgrupper som kom innom og kjøpte lunsj. Det varierte mellom 35-60 personer som kom innom på ein vanleg dag. Gladys hadde lært seg å laga norsk mat så her var fast dag med kjøttkaker, fiskekaker, raspeballar, lapskaus og fiskegrateng. Kvar fredag er det familieday og dei forskjellige kora har øvingar. Forutan å steikje og selje vaflar var arbeidet vårt å skrelle poteter, gulrøtter, scampi, vaske opp og sist men ikkje minst; snakke med folk som kom innom kyrkja. Dette var ein gjennomgangstone: at folk skulle føle seg velkomne og bli tatt godt imot. Nokre dagar var det eigne kafevertar som hadde dette som hovedoppgave. Ei veke på kyrkja såg ut omtrent slik: Mandag var kyrkja stengt. Tirsdag – lørdag var det tidebønner i det vesle kapellet kl. 13.00 og kl. 16.00. Lunsj kl. 13.15 og lørdag var det risgraut og karbonadesmørbrød. Søndagane var det middagsbuffet kl. 1330. Gudstjeneste kl. 1600 og kyrkjekaffi etter det.

Ein stor stab jobba ved kyrkja. Her er m.a. kantor, 2 prestestillingar, barne- og ungdomsarbeider, diakonal medarbeider, kjøkenansvarleg, økonomiansvarleg, reinhaldar, resepsjonist, vaktmeistar, 4 faste vinterassistentar samt ansvarlege for gjestehuset. Ikkje alle sjømannskyrkjene har gjestehus, men det har dei her! Og det er det Torun og Bjørnar har ansvar for. Her er 11 store flotte

dobbeltrom der ein kan overnatte for ca 60 Euro pr natt inkl. frukost. Kjem større grupper så samarbeidar dei med eit hotel rett over gata. I januar, februar, mai, juni og september tilbyr gjestehuset spesielle pakkar til kor og grupper som kunne tenkje seg eit opphold i varmare strøk. Her finnes øvingslokaler og konferanselokaler med plass til ca. 50 deltakarar.

På denne delen av Solkysten bur det ca. 4000 nordmenn fast. I tillegg kjem alle pensjonistar som overvintrar nokre månader kvart år. Dei siste åra har dei sosiale problem blant norske turistar /norske fastbuande auka. Her har kyrkja si sosialteneste ei stor utfordring. Ellers merka dei mindre til den økonomiske krisa landet er inne i her i denne delen av Spania.


I Fuingerola, 15 km fra Calahonda, er det mange norske studentar og unge arbeidstakrarar. Kvar onsdag er det eigne samlingar der desse vert invitert. I år var det også 5 konfirmantar. Dette talet varierer frå år til år. Det er populært å gifte seg på ei Sjømannskyrkje, og her på El Campanario var det ca 80 vigslar i 2012. Vi fekk oppleve å sjå fleire lukkelege brurepar dei vekene vi var der. Sjømannskyrkja arrangerer konsertar, diverse kurs, korgrupper, dansegrupper, småbarnstreff, maleriutstilling i kafeen, barne- og ungdomsgrupper for alle alderstrinn. Boule-gjengen møtes 2 gongar i veka og kvinneforeninga «Selofas Døtre» samlast kvar tirsdag. Dei har stor basar 2 gongar i året; påskebasar og julebasar. Dette er viktige inntekter for kyrkja.

I det sørlege Spania er det mykjeå ta seg til på fritida. Her er eit utall golfbaner. Frå Calahonda er det greit å ta dagsturar til Granada, Sevilla, Ronda, Gibraltar eller til ein av dei flotte landsbyane som ligg oppi fjellet. Byane som blir kalla «dei kvite byane». Husa ligg tett i tett, dei slyngjer seg rundt fjella, er kvitmalte og på avstand ser ut som snøflekkar.

Tida her nede gjekk som ein røyk. Plutseleg var dei 5 vekene gått og tida var inne til å ta farvel og på gjensyn til gjengen på El Campanario. Er noen interessert i et opphold her, veit vi de vil bli tatt godt imot! Her var det godt å vere .

PS. Vi reiste ned på eigen håndnd og stilte som frivillige. Det går og an å søkja på jobb som vinterassistent. Då jobbar du full veke i ca 3 mnd. Du får gratis hus, reise og litt kostpengar pr. dag. Søknadsskjema finn du på www.sjomannskirken.no. Her finn du og mykje opplysningar både om Sjømannskyrkja på Solkysten og dei andre kyrkjene rundt i verda. Lukke til!

Jarle i djup konsentrasjon i ferd med å "pakka" scampi inn i bacon til tapas-kveld.



Glade ostringar i patioen ventar på kyrkjekaffien.

ÅSE ERIKSEN I HOSANGER KYRKJE

Udstillingsperiode: 5. juli til 8. August.

Opningstid: Sundagar kl. 15 – 19.

Kyrkjemusikalsk halvtime kl. 18- 18:30,
med ulike musikalske uttrykk.

Åse Eriksen arbeider med vevde tekstiler, og er kjent for sine vakre messegaller og kyrkjeutsmykkingar og store vende vegtepper.

Ho har utdanninga si frå Bergens kunsthåndveksskole, tekstil 1977-1982.

Ho har ein lang og imponerande CV å visa til:

- Mange separatutstillinger,
- Teke del i mange gruppeutstillinger, både heime og ute. Vore med på Haustutstillinga 5 gonger, Vestlandsutstillinga 12 gonger.
- Har utført mange imponerande utsmykkingsarbeid, mellom anna i fleire kyrkjer.
- Ho har også hatt mange verv innanfor kunstorganisasjonane, og sote som fagråd for kirkekunst, Bjørgvin bispedømme, 1999-2009.

Åse Eriksen sine tekstiler er fargerike og friske, og ho vev fram motiva sine med stødig hand.

Ho seier sjølv om sine verk:

"Jeg vet at mitt arbeid aldri er perfekt, det kan alltid bli bedre, men det er viktig å hele tiden prøve på nytt, om og om igjen. Tørre å vise det jeg har gjort og la andre bedømme, og tåle å vise min svakhet i at det ikke er bra nok, selv om det er så godt jeg får det til nå. Ingen følelse er endelig. Langsamt vil det jevne arbeidet føre meg mot resultater som overrasker meg. Lettest kommer det når målet ikke er klart definert. - Men i det daglige må noen mål være tydelig, også her vil summen av alle de små eksperimentene, arbeid uten kunnskap om resultatene, kunne overraske meg med sin vilje".

Hjå oss vil ho visa store og små tepper, dei fleste knytt til prosjektet ho har kalla "Toner i tråd" Det er basert på ynskje om å studera korleis me oppfattar musikk i høve til den kunsten me kan sjå. Finns det ein forbindelse mellom fargar og musikk? Mange komponistar og biletkunstnarar meiner det og har gjennom tidene arbeidd med dette som tema for sin kunst.

Om ho finn plass til det, vil ho også vise forprosjekt, skisser og veveprøver ho har laga siste åra. Og kanskje får me sjå den vakre bispekåpa ho nyleg har laga til Tunsberg.

Torsdag 8. august held ho foredrag i Hosanger kyrkje om det ho har stilt ut der, og det ho arbeider med.

Me ser fram til å få ein slik markant og reflektert kunstnar som utstiller i Hosanger Kyrkje denne sommaren.

- Astrid Tveiten



AVSKJEDSFEST FOR EITT-ÅRINGANE

Dette året har me vore så heldige og hatt 3 flotte ungdomar som har arbeidd i kyrkjelydane våre som eitt-åringar. Alle tre har vore elevar på bibelskule og vore utplassert i praksis her på Osterøy. Den eine; Andreas Skeidsvoller fra Osterøy og elev på bibelskulen på Bildøy og dei to andre kjem heilt frå Kamerun; Flauvia og Moise og er elevar på Hald internasjonale bibelskule i Mandal.

Tekst og foto: Madli Kvamme Hannisdal

Dei har vore aktivt med i kyrkjelydane våre og delteke på gudstenester både i Haus, Gjerstad og Bruvik. Særleg har dei vore engasjert i barne- og ungdomsarbeid i Haus, både med barnegospelkoret og ungdomsklubben i Haus som dei var med å starta opp i haust. Dei har vore innom i arbeidet blant konfirmantane.


Begge dei to afrikanske ungdommene har vore busett i Haus og dei har knytta sterke vennskapsband til nokre familiar i Haus utanom vertsfamiliane. Både Inger og Nils Lygre og Margun og Audun Helle er blant dei heldige som har blitt kjent med dei og dei gir uttrykk for at for dei har dette har vore eit fantastisk møte med to flotte ungdommar som har sett djupe og gode spor etter seg. Vi har blitt kjent med og fått innblikk i ein heilt annan kultur frå eit anna kontinent med heilt andre levekår enn våre. Språket har ikkje vore noko hinder. Dei har vunne fram med hjartespråk, fingerspråk, humor og forsøk på å læra seg litt norsk når ikkje engelsk eller fransk har fungert. Moise fekk læra etterkvart at på Osterøyspråk heiter det ikkje speak eller parle (snakka), men på vårt lokale Osterøydialekt heiter det prata. Og då han hørde Audun bruka ordet suvenir, utbraut han gledesstrålande: Du kan jo fransk.

Laurdag den 25. mai var det duka til fest i kyrkjelydshuset der me fekk gje uttrykk for vår takksemd til dei tre ungdommene. Flauvia og Moise reiser snart tilbake til Kamerun for å ta vidare utdanning. Andreas skal få vera med dei til heimlandet for å sjå korleis dei har det. Det er som vi bur på to planetar når eg tenkjer på kontrastane mellom Norge og Kamerun, eg har lært så utruleg mykje gjennom å vera saman med dykk, sa Andreas i si helsing, og han gler seg til å reisa til Kamerun.

Nils Lygre takka for den kontakten han og Inger hadde fått hatt med dei den tida dei har vore her. Det er særleg Flauvia som har hatt dei som sine «reservebesteforeldre». Dei er flotte representantar for heimlandet sitt, sa han. Margun og Audun Helle har hatt Moise som sin nabo og har ønska han varmt velkommen inn i heimen sin. Begge gir uttrykk for at dei har opplevd det som ei fantastisk oppleveling å bli kjent med han. Og me kjem til å sakna han, er Margun sine ord.

Både kyrkjeverje Helge Kolstad Haus og Bruvik sokneråd bar fram helsing og takk til dei tre. Også ein av årets konfirmantar, Adrian Mo fra Bruvik, kom med helsing og gav til Flauvia og Moise. Barnegospelkoret deltok med song og me fekk servert ein nydeleg gryterett som var Flauvia si oppskrift og det var mange gode heimelaga kaker. Quiz og leikar høyrdet og med til kveldens program. Andreas Skeidsvoll takka og sin familie og familien Tomren som er dei som har vore pådrivarar i dette eittåningsprosjektet. Det er takka vere deira innsats at dette har blitt eit vellukka prosjekt som har fått betydning for så mange.

Dei to unge afrikanarane avslutta kvelden med vakker song og Flauvia hadde eit fint og varmt vitnesbyrd om kva trua på Jesus har fått bety for henne og kor viktig det er at me er frimodige og er med å formidla evangeliet vidare.



Flauvia, Moise saman med Adrian Mo fra Bruvik.

Barnegospelkoret saman med dei 3 eittåringane og Trude Tomren.



KONFIRMANTAR I HAMRE

Fotograf: Storebo

1. rad frå v. Benedikte Brakvatne Olsen, Malin Rebnord Johnsen, sokneprest Inge Sørheim, Annelen Kalland, Connie Elvik Halvorsen

2. rad frå v. Espen N. Vindenes, Stian Kleveland, Bjarte Fonn Angelskår, Brede Bolset, Daniel Bolstad Alden, Øyvind Revheim, Benjamin Jørgensen, Joakim T. Burkeland, Vegard T. Aastvedt,

3. rad frå v. René Fotland, Simen Myking, Leon Seilen, André Zahl Berthelsen, Joakim Mjøs Tangerås.

KONFIRMANTAR I BRUVIK

Fotograf: Rune Solberg



1. rad frå v. Sølvi Fjeldstad, sokneprest Tom Sverre Tomren

2. rad frå v. Fabian Nikøy Jensen, Adrian Mo, Nils-Ole Borge, Johannes Helle

(Konfirmantane i Gjerstad kjem i neste nummer)



1. rad frå v: Elise Gundersen, Vilde Vik, Elin Brudvik Helle, sokneprest Tom Sverre Tomren, Helene S. Børtevit, Kristin Skår Bernes, Julie Nese Langeland

2. rad frå v: Adrian Andersen Lillejord, Rasmus Fjeldstad, Kristian Veseth, Kim Wikstøl Skauge, Eivind Kårvatn Mork, Victor Thunestvedt.

3. rad frå v: Sander Johnsen Grønsdal, Alf-Erik Vatle, Arnstein Borge, Runar Hetlevik Bøe, Mats Veseth.



1. rad frå v: Ingeborg Vaarvik Markussen, Sofia Thomassen, Kjersti Litland, sokneprest Inge Sørheim, Andrea Thomassen, Sara Birkeland, Elida Hagebø Hannisdal.

2. rad frå v: Vilde Rossland Jørgensen, Hanna Askeland, Cecilie Aagesen, Hilde-Beate S. Langeland, June E. Heggertveit, Marie Lone Fotland, Silje Kallekleiv Hanstveit.

3. rad frå v: Ragnvald Kårvik, Lars Magne Johansen, Markus Gjelsvik Løtveit, Matias Hanstvedt Tysse, Sondre Mjøs, Jonas Bernes, Marius Stigen, Thomas Lillejord, Jonas Lillejord.

DUGNAD PÅ KYRKJEGARDANE

Takk til alle som også denne våren stilte til dugnad på kyrkjegardane våre både i Hosanger, Hamre, Gjerstad, Bruvik og Haus. Det vert gjort ein flott innsats med opprydning etter vinteren og pynting av blomsterbed, klipping av buskar og trær. Sokneråda er svært takksame for alle som møter opp og hjelper til med å halda kyrkjegardane våre i bra stand.

Biletet er frå Hamre.

- Madli K Hannisdal



Foto: Jenny Eikeland

KYRKELYDSTUR TIL ØYASET SØNDAG 18.AUGUST.

Haus sokneråd arrangerer kyrkjelydstur til Øyaset, stølen til Borghild og Johannes Melve, søndag 18.august.

Vi startar frå Kvisti kl. 09.30 og kjører privatbilar saman.

Du treng gode tursko, klede etter veret, niste gjerne grillmat. Du er velkommen å vera med også frå andre sokner.

Påmelding til Signe Hannisdal 99124257 eller Madli K Hannisdal 91330928 innan 11. august.

GRILLING UTANFOR KYRKJA 2. PINSEDAG PÅ BRUVIK



(Foto: Hildegunn Mo)

17. MAI PÅ BRUVIK

Tekst: Wenche Fiskesteth, foto: Åse H. Faugstad

Tradisjonen tru var oppstart på nasjonaldagen i Bruvik kyrkje. Kyrkja var pynta med nyutsprunge bjørk og norske flagg.

Audun Mosevoll frå Raknes var prest og framførte ein glimrande tale om Noregs posisjon, utanriks og nasjonalt. Kantor Kåre Rivenes var tilbake ved orgelet og musikken framheva den høgtidelege stemninga.

Ole – Johan Steiner heldt dagens 17.mai tale og konsentrerte seg om Bruvik sentralt. Tomine Hjelvik Berge, frå Bruvik skule, hadde det ærefulle vervet å leggja ned krans ved bautaen til minne om dei falne frå Bruvik i 2. verdskrigen.

Etter gudstenesta gjekk alle i 17.mai prosesjon til grendahuset Knausatun for vidare feiring.



KONSERT I HOSANGER KYRKJE 8. SEPTEMBER KL. 18.00

Kyrjekoret Cantus frå Dale i Sunnfjord med solist Leif Gunnar Igelkjøn inviterer til konsert i Hosanger kyrkje med utgangspunkt i Elvis' musikalske røtter og den musikken han satte høyest av alt - gospelmusikken. Elvis la aldri skjul på at gospelmusikken var inspirasjon og døråpner for hans karriere som artist. Gjennom gospel hentet han sin inspirasjon både musikalisk og som menneske. I den siste filmen han medvirket i, "Elvis On Tour", sier han blant annet: "På denne turnéen gjør vi to konserter daglig. Etter den siste konserten møtes vi på hotellrommet og synger gospel sammen til det lysner av dag. Jeg er oppvokst med den musikken".

Elvis Presley fikk 3 "Grammy Awards" i løpet av sin karriere - alle for sine gospelplater. Hans ikke ubetydelige innsats for rock'en forøvrig, brakte ham ingen "grammies".... Dessverre er svært få kjent med hans innsats som gospelartist. Både "Elvis-menigheten", den tradisjonelle kirkemenigheten, det vanlige musikkinteresserte publikum og presse har gitt konsertene strålende kritikker – Cantus med solist Leif Gunnar Igelkjøn er glimrende tolkere og formidlere av Elvis' gospelrepertoar!!

Konserten inneholder kjende gospelsalmar som «Amazing grace», «Nærmere deg, min Gud» og «O Store Gud» samt andre Elvis songar som «In the ghetto». Som ei lita avbrekk framfører koret salmar og eit par songar med tekstar av Jakob Sande midt i konserten– til vakre tonar av komponistar frå Fjaler. Og ein konferansier kjem til å sy alt saman med korte innleiinger til songane slik at alle får med seg innhaldet sjølv om ein ikkje er så stødig på engelsk.

Konserten anbefales på det varmeste! Den "treffer" et meget bredt publikum og gir et påfyll i hverdagen. *Vel møtt!*





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

JUNI

Sundag 16/6-2013, 4. sundag i treeiningstida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Korgafest med grillmat i prestegardshagen etter gudstenesta.

Haus kl 11: Friluftsgudsteneste i Mjeldalen.
Skaparverkets dag. Speidarane deltek. Tomren.

Sundag 23/6-2013, 5. sundag i treeiningstida

Haus kl 11: Høgmesse. St.Hansaftan. Dåp. Nattverd.
Tomren og Hana. Besøk av Døves menighet.
Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.
Fest i prestegardshagen.

Sundag 30/6-2013, 6. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.
Takkoffer til Israelmisjonen.

Hamre kl 19: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**FRILUFTSGUDSTENESTE 7.JULI
PÅ REVHEIMSTOLEN VED SOKNEPREST TOMREN.
TILSKIPARAR ER GJERSTAD SOKNERÅD,
OSTERØY LIONS OG OSTERØY FRÅHALDSLAG.**

JULI

Sundag 7. juli 2013, 7. sundag i treeiningstida Mark 5,25-34
Revheimstølane kl 12: Friluftsgudsteneste. Skaparverkets dag.
Tomren.

Sundag 14. juli 2013, 8. sundag i treeiningstida Mark 12,28-34

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

Sundag 28. juli 2013, 9. sundag i treeiningstida Mark 11,25-26

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Norsk Lærerakademi.

Gjerstad kl 19: Forenkla høgmesse. Sørheim. Kyrkjekaffi
på museet.

AUGUST

4. august 2013, 11. sundag i treeiningstida 1 Mos 21,9-13

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

11. august 2012, 12. sundag i treeiningstida Joh 4,27-30,39-43

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Radio Osterøy.

18. august 2013, 13. sundag i treeiningstida Joh 15,13-17

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Strømmestiftelsen.

25. august 2012, 14. sundag i treeiningstida Matt 19,27-30

Haus kl 11: Gudsteneste. Audun Mosevoll.

Hosanger kl 18: Musikkgudsteneste i samband med
kunstutstillinga. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

SEPTEMBER

Sundag 8/9 - 2013

Haus kl. 11.00: Gudsteneste. Kåre Mestad

Hamre kl.11.00: Gudsteneste. Inge Sørheim.
Konfirmantpresentasjon

Sundag 15/9 - 2013

Hosanger kl.11.00: Gudsteneste. Inge Sørheim.
Konfirmantpresentasjon.

Sundag 22/9 - 2013

Bruvik kl. 11.00: Gudsteneste. Tom Sverre Tomren.
Konfirmantpresentasjon

Haus kl 17.00: Gudsteneste. Tom Sverre Tomren.
Konfirmantpresentasjon

SENIORHELG

på
HELGATUN FJELLPENSJONAT
ved foten av Vikafjellet.

NMS Bjørgvin inviterer til Seniorhelg på
Helgatun Fjellpensjonat i tida 30. august – 2.september.

Rikhaldig program både inne og ute med høve til å gå lange
eller korte turar i dei vakre fjellområda rundt Helgatun.

Bibeltimar v/ Per Fimreite og Etiopia-informasjon ved
Rannveig og Tor Dag Kjosavik.

Pris: Kr. 1900,- i dobbeltrom og kr. 2150,- i enkeltrom.

Påmelding til Alvhild Vassel Eide, mob. 404 06 044 ,
e-post: ave@nms.no

Fortløpende påmelding. Nærare orientering om leir og
reisemåte kan ein få ved å kontakta den same.

VELKOMEN til langhelg og gildt fellesskap!

AVSKIL MED TRENT BRUNER I BRUVIK

Det vart ei fin avslutningsgudstjeneste for organist Trent Bruner, der han fekk overrekt blomehelsing og ostehøvel (som er laga av ein lokal tusenkunstner fra Bruvikbygda). Det var soknerådsformann Wenche Fiskesteth som stod for overrekkjingga, og takka han for fine tonar og godt humør i det året han har vikariert som organist. Prest Ragnar Waagbø fekk med seg borna i sin flotte tale og i si forklaring av teksten, dei fekk nemleg stå i benken med skoa på. Utruleg!

Tekst og foto: Hildegunn Mo



SOKNERÅDSVAL HAUSTEN 2013 GJERSTAD SOKNERÅD

SOKNERÅDSVAL 2013 FOR SOKN SOM DELTEK I PRØVEORDNING MED VAL AV HALVE SOKNERÅDET ANNAKVART ÅR.

For Osterøy gjeld dette berre Gjerstad sokn. Halve soknerådet i Gjerstad og alle varafolk skal veljast. Valdagen vert mandag 9. september, men soknerådet kan også gjera vedtak om val sundag 8. september. Dette kjem vi attende til i seinare informasjon. Det vert også høve til førehandsstemming frå og med 10. august. Meir informasjon om dette kjem også seinare.

Soknerådet har hatt ei valnemd i arbeid og dei har lagt fram følgjande valliste:

Halve soknerådet (4) og alle varafolk (5) står på val hausten 2013.05.06

**Valnemnda har utarbeidd denne lista i prioritert
rekkefølgje:**

1. SYNNØVE TVEITERÅS
2. RUTH HAUGE
3. SVEINNUNG HARTVEIT
4. JORUNN FOTLAND
5. ANDREAS SKEIDSVOLL
6. LIV SKÅR
7. BJARTE MIDTTUN
8. ELIN HANNISDAL
9. TURID NJÅSTAD

Valnemnd:

Gerd Karin Njåstad- Sveinung Hartveit –
Lillian Karin Bjørnseth

Kyrkjeverja informerer.

SLÅTSEN PÅ KYRKJEGARDANE SUMAREN 2013.

Vi starta i slutten av mai med slåtten rundt omkring på kyrkjegardane våre. Fellesrådet tek sikte på at det vert slege ca. kvar 12. dag på dei store kyrkjegardane, der som sumaren vert slik den har vore dei siste åra. Som det har vore informert om tidligare, har kyrkjeleg fellesråd dette året ein svært stram økonomi. Dette får som konsekvensar at vi ikkje kan leige inn ekstra slåttefolk denne sumaren.

Vi har dei siste åra hatt ei ordning der vi har slege graset på alle fellesområde, og også mellom alle gravsteinane med vanleg slåmaskin. I tillegg til dette har vi etterpå gått over med kantklippar inntil alle gravsteiner. Endringa i år vert at vi tek vanleg slått, men ikkje kantklipping. Skulle våre faste tilsette få ekstra tid, vil vi sjølv sagt også ta kantklipping så langt tida rekk.

Fellesrådet håpar at kyrkjegardane våre likevel vert i akseptabel stand, sjølv om vi må innføre denne ordninga for sumaren 2013.

Slekters gang

*Grunna sjukemelding på kyrkjekontoret
må informasjon om døypte, vigde og
gravlagde venta til neste nummer.*

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD:

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46,
mobil 970 25 127

Roger Breivik, mobil 913 82 424

KYRKJESKYSS TIL HAUS:

Frå Sundland / Votlo: Anette Kårvatn
908 74 357

Frå Havrå / Kvisti: Signe Hannisdal
991 24 257

Frå Rolland / Mjeldalen: Madli og
Olav Hannisdal 913 30 928

KYRKJESKYSS TIL BRUVIK:

Otto Mo 95 99 84 69
Erling Bruvik 95 85 49 15

*Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem
til kyrkje!*

*Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei
andre til å gjera det.*

**HAMRE KYRKJE ER OPEN ALLE SUNDAGER I
JULI FRA KL. 15.00 - KL. 18.00**

I år vil Hamre Sokneråd freista å få til noko nytt på Hamre. Vi veit at mange er innom kyrkjegarden i sumar, men sjølve kyrkja er stengt. Dette vil vi no gjere noko med. Som eit prøveprosjekt vil vi ha open kyrkje sundagane 7/7, 14/7, 21/ og 28/7 frå kl. 15.00 - 18.00. Samstundes har vi ope i Borgstova der ein kan få kjøpe seg kaffi med noko attåt.

Vel møtt på kyrkjebakken!

Hamre Sokneråd

Jenny

OPNINGSTID FOR KYRKJEKONTORET SUMAREN 2013

P.g.a sjukefråvær vert det redusert opningstid på kyrkjekontoret sumaren 2013.

I tidsrommet 15. juli til 2. august vert kontoret
sumarstengd.

Gravferder som kjem i denne tidsbolken vert meldt direkte til Revheims gravferdsbyrå på telefon **56392173**.

For andre heilt naudsynte meldingar, kan kyrkjeverja
nåast på telefon **90362360**.



OLSOKFEIRING

FJON FJELLKYRKJE

MANDAG 29. JULI

KL.19.00.

- GUDSTENESTE

- SERVERING AV RØMMEGRAUT/KAFFIMAT
(kr.100,- Familie maks kr 250,-)

- PROGRAM

- LYNUTLODNING

- BÅLBRENNING

Velkomen til ein flott kveld!

Arr: Osterfjorden sokneråd/Styret for Fjon Fjellkyrkje

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit veddemål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

ENDELEG SOMMAR!

Frå kyrkjekaffien 2. pinsedag, Hamre kyrkje



Folk hygga seg i parken med nysteikt bakst, kaffi og levande musikk. (Foto: Jenny Eikeland)



Fra venstre Heine Tjøflot, Bjørn - Tore Henriksen og Kristoffer Foldøy. (Foto: Jenny Eikeland)

Med håp om at sommaren 2013 kan gå over i historia som ein av dei finare, minner eg om at neste nummer er i postkassane omlag 20. september. Frist for innsending av stoff er **24. august**.

God sommar!

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omtakum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no